Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. | Fylke: Sogn & Fj.

Tilleggsspørsmålnr. 6 | Herad: Jølster

Emne: Folkelege musikk instr. | Bygdelag: Stardalen.

Oppskr. av: Sverre Myklebust | Gard: Flatjord

(adresse): Veiteberg. | G.nr. 16 Br.nr. 4-5

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. ja.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Kjenner ikkje til lurar av bjørk ell. orebork. Men piper ell. plystre av halmstrå har vi laga.
Men lurane var laga av to ore-tre lagde i mot kvarandre og surra og tetta med bjørketåger

lagde i vatn.
Dei har og dreia seg lurar av fl. stykke


2. Kjenner ikkje orda halme ell. hårpipe

3. Kjenner ikkje rangler heller utan på stavar med laus bork.

4. Smelling mellom 2 fingrar: langestong og tommarsfingen, ell. mellom peikefing og langestong
Smelling med blad på handa.
Smelle posar. Smelle åkersmella og blåklokker.
Legg ei fyrstikke på riveflata og slår til med hamar (svar smell)

7280
7280
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Börseskot i brudlaup når ein reiser til kyrkje, kjem att og når bruragrauten vert boren inn. Då skaut ein opp gjenom ljoren fortel ein. Det var no mange som ville göre brura ell. signaluter åt brudfolket, skor og andre klæs. Difor skaut ein. Brura kunne verta kytt, må veta. Difor ein hadde so mykje bisveinar i brudlaupa.

Salutt vert nytta i 17. mai-tog og tidleg om morgonen.

5. Ein skræmer borna med at det vert vegr om dei pistar og let i jeitjulær, serleg inne i hus. Ein lagar her ulydar med å leggje blad av röyr mellom båe hendene og blåse på det med munnen tett inntil. Eller ein blæs i nevane det heiter (let vent)

Av skrellor må nemnast kråkeskrella som har vore mykje nytta




Kråkeskrella var vel til skræme bort kråkene med?



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING